

Prosjekt Planung AS
Kongens gate 31
0153 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/5771 - 14/19104

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
25.08.2014

Manglar i søknad - gbnr 209/20 og 45 Høyland - næringsbygg

Situasjonsplan og profil

I samband med oversending av dispensasjonssøknad på høyring, oppdaga eg at vedlegg D1 ikkje er ein situasjonsplan for det som skal utførast, men eit reint grunnkart med dagens situasjon. Det må sendas inn ein situasjonsplan som viser plassering av nybygg med avstandar til nabogrenser og til offentlig veg, høgder på tomte, mur, skjering, fylling, tilkomstveg påført høgder og stigning. I tillegg må det leverast minst to profil gjennom bygningen (på langs og tvers) som viser terrenget før og etter utbygginga.

Eg legg ved kart i pdf-format. Vi kan senda papirkart. Vektorkart kan bestillast på nett gjennom infoland.

Avkjørsle og tilkomst

Eg oppfattar det slik at tilkomst vert over Høyland Auto sitt område og avkjørsle. I så fall må det søkast til statens vegvesen om utvida bruk av denne avkjørsla.

Vegrett

er ikkje signert av eigar av gbnr 209/19. I matrikkelen står Marith Haugen oppført som heimelshavar til denne eigdommen.

Dispensasjonssøknaden skal sendast på høyring til fylkesmannen, hordaland fylkeskommune og statens vegvesen når vi har fått inn situasjonsplanen. For denne oversendinga kan det leverast ein forenkla situasjonsplan, så kan detaljane og profila komma seinare, før vi handsamar søknaden.

Med helsing

Knut Bjørnevoll
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg:
209-20 kart

Kopi til:

Vestnorsk Brunnboring AS

Høylandsvegen
333

5913

EIKANGERVÅG

Mottakarar:

Projezt Planung AS

Kongens gate 31 0153

OSLO